

### **Synspunkt på framtidig organisering av Kystpilegrimsleia**

Prosjektet har ikkje hatt mulegheit til å realitetsdrøfte vidare organisering , fordi tildelingsbrevet frå Riksantikvaren først låg føre 02.05.18. Vi ser ut frå tildelingsbrevet at det er eit relativt stort handlingsrom når det gjeld den framtidige organiseringa av vidareføringa av Kystpilegrimsleia over i ein ny fase. Med bakgrunn i dette, rår vi til at :

- Det vert kalla inn til eit plenumsmøte med styringsgruppa og prosjektgruppa for Kystpilegrimsleia i løpet av august 2018.
- Av omsyn til den tida og dei ressursane arbeidet med den framtidige organisasjonen rår over, bør arbeidet verte organisert slik at den fylkeskommunen som tek på seg hovudansvaret for arbeidet, får naudsynte fullmakter til å kunne utføre arbeidet på vegne av dei andre fylkeskommunane. Fylkeskommunen som sit i førarsetet rapporterer til styringsgruppa for vedtak om alle viktige vegval i prosjektutviklinga og nyttar noverande prosjektgruppe som ressursgruppe i dette arbeidet. Bispedøma vil framleis ha ein representant i styringsgruppa og vere representert i ressursgruppa.